

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr
Ungdomsrådet		
Råd for personar med funksjonsnedsetjing		
Eldrerådet		

Innspel til budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030 frå råda

Kort om saka

I samsvar med budsjettprosess vedteken av kommunestyret i KS-sak 026/26. 26.03.2026, vert råda invitert til å koma med innspel til budsjett 2027/ økonomiplan 2027-2030. Kommunedirektøren ønskjer innspel til driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet. Desse innspela vil bli tatt med i det vidare budsjettarbeidet.

Kommunedirektøren ønskjer spesielt at råda svarar på to spørsmål:

1. Korleis kan vi konkret omstilla organisasjonen som følgje av den demografiske utviklinga ?
2. Kva investeringar kan kuttast eller utsettast i åra 2027-2030 ?

Dokument vedlagt saka

Tittel
090626 Presentasjon FSK Budsjettkonferanse
Uttale frå Statsforvaltaren - Budsjett 2026 og økonomiplan - 2026 - 2029

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Ungdomsrådet/ Rådet for personar med funksjonsnedsetjing/ Eldrerådet har følgjande innspel til budsjett 2027/ økonomiplan 2027-2030

.....

Saksopplysningar

Vedteken budsjettprosess

Kommunestyret vedtok i KS-sak 026/26, 26.03.2026, oppdatert budsjettprosess i Øygarden kommune:

Dato	Tekst
05.05.2026	Kvartalsrapport 1/2026, behandling i formannskapet
Medio mai	Kommuneproposisjonen 2027 og revidert nasjonalbudsjett 2026
Mai	Administrasjonen lagar notat om kva konsekvensar forslaga i nasjonalbudsjettet kan få for Øygarden kommune
09.06.2026	Rekneskap og årsmelding 2026, behandling i formannskapet
09.06.2026	Budsjettseminar 1 formannskapet
September	Råda gir inspel til budsjettet
22.09.2026	Budsjettseminar 2 formannskapet
22.09.2026	Kvartalsrapport 2/2026, behandling i formannskapet. Rapporten skal innehalda ei utvida og grungjeven årsprognose
06.10.2026	Statsbudsjett 2027
05.11.2026	Kommunedirektøren presenterar framlegg til budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030 i kommunestyret
06.11-16.11.26	Kommunedirektøren legg fram budsjettsak til AMU og råda
17.11.2025	Formannskapet handsamar budsjett 2027/ økonomiplan 2027-2030 og legg det ut på høyring. Partia/ grupperingane i kommunestyret presenterer sine framlegg som følgjer saka ut på høyring.
20.11-05.12.26	Budsjett 2027/ økonomiplan 2027-2030 på høyring
07.12.2026	Kvartalsrapport 3/2026, behandling i formannskapet
10.12.2026	Kommunestyret handsamar og vedtek budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030

Denne saka dreier seg om prosess i september: Kommunedirektøren legg fram sak der ein ber om eventuelle innspel til budsjett og økonomiplan. Saka skal til behandling i alle råda som gir sine innspel til kommunedirektøren. Kommunedirektøren vurderer innspela i samband med framlegg til budsjett 2027/ økonomiplan 2027-2030, som skal presenterast i kommunestyret 05.11.2026.

Budsjettseminar

I samsvar med vedteken budsjettprosess vart det gjennomført ein budsjettsamling med formannskapet 9. juni 2026. Konferansen inneheldt følgjande tema/ agenda:

- Velkomen v/ ordførar
- Omstillingsbehov, oppdatert kunnskapsgrunnlag
- Drøfting om prioriteringar

Presentasjonen som vart brukt i møtet ligg vedlagt saka.

Formannskapet vil ha budsjettseminar nr 2 den 22. september. Her vil ein jobba vidare med dei økonomiske rammene og handlingsrommet.

Vedtekne økonomiske handlingsreglar

Ifølgje Kommunelova § 14-2 pkt c) skal alle kommunar vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi. Øygarden kommune har vedtatt følgjande økonomiske handlingsreglar:

- Netto driftsresultat 1,75 % av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond 5 % av brutto driftsinntekter
- Lånegjeld skal ikkje overstiga 100 % av brutto driftsinntekter

Tabellen under viser resultatet i åra 2019-2025:

	Mål	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat	1,75 %	-4,7 %	-0,5 %	-0,3 %	1,4 %	-0,6 %	-1,0 %	1,6 %
Disposisjonsfond	5 %	3,6 %	2,7 %	2,3 %	3,8 %	3,1 %	1,8 %	3,4 %
Lånegjeld	100 %	100,7 %	104,1 %	86,6 %	87,5 %	84,1 %	80,2 %	75,3 %

Rekneskapen for 2025 vart gjort opp med eit positivt netto driftsresultat på kr 64,1 mill (1,6 %). Disposisjonsfondet er auka i 2025 og er no på kr 135 mill (3,4 %). Dette skuldast at kommunen gjekk med overskot i 2025. Ein kommune av vår storleik bør ha om lag kr 300 mill i disposisjonsfond for å ha nok reservar til å takla svingingar i økonomien. Lånegjelda i prosent av brutto driftsinntekter er redusert i høve 2025, og er i tråd med handlingsregelen. Den reelle lånegjelda er høg når ein tar omsyn til at verksemda for vatn, avløp og renovasjon, med tilhøyrande lånegjeld, er lagt til eit eige aksjeselskap Øyvar. Øyvar AS hadde lånegjeld på kr 1,1 mrd per 31.12.2025.

Statsforvaltaren si attendemelding - budsjett 2026

Statsforvaltaren gir alle kommunar ein attendemelding i høve budsjett og økonomiplan. I brev til Øygarden kommune 17.03.2025 oppsummerer Statsforvaltaren den økonomiske situasjonen til Øygarden kommune slik:

Disposisjonsfondet er blitt større i 2025 som følgje av netto driftsoverskot i fjor. Dette er ei positiv utvikling. Disposisjonsfondet er likevel framleis vesentleg mindre enn det bør vera. Det er difor viktig å vidareføra tiltak og arbeid med sikte på å få større disposisjonsfond.

Kommunen sitt reelle gjeldsnivå er høgt. Det er lagt opp til ein vesentleg auke i lånegjelda i planperioden 2026-2029. For å ha økonomisk grunnlag til å auke lånegjelda så mykje som økonomiplanen legg opp til, må kommunen ha tilstrekkelege store netto driftsoverskot og opparbeide større disposisjonsfond.

Planlagt auke i lånegjelda gjer kommunen meir økonomisk sårbar, og behovet for å opparbeide større disposisjonsfond vil difor auke.

Heile brevet frå statsforvaltaren ligg som vedlegg til saka.

Demografisk utvikling

Ein viktig føresetnad for økonomiplanen er folketalsutviklinga i kommunen og alderssamansetninga. Ved inngangen til 2026 budde det 40 641 personar i Øygarden kommune. Per 30.06.2026 var folketalet auka til 40 810, ein auke på 0,4 %.

Framskrivinga av folketalet tilseier at del eldre i absolutte og relative tal vil auka mykje framover, og at Øygarden i 2040 kan venta ei tredobling i talet på eldre over 80 år. Årsaka til dette ligg mellom anna i betre helse og levekår, som har ført til høgare levealder. Saman med lågare fødselsrate dei siste åra gir dette ei endring i alderssamansetninga. Det er venta at trenden med ei aldrande befolkning kjem til å fortsetta i framtida. Ein kan venta seg nedgang i talet på barn og unge og ein auke i eldre.

Ein slik endring i befolkningssamansetninga fører til at det blir færre i arbeidsfør alder per eldre over 80 år. For kommunen vil dette bety eit aukande behov for helse- og

omsorgstenester i åra framover, samstundes som det per eldre over 80 år blir færre hender i arbeid og mindre skatteinntekter til å finansiera tenestene.

Kommuneproposisjonen 2027

Det er gitt signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane i intervallet frå kr 3,5 til 4,0 mrd frå 2026 til 2027. Av dette er kommunane sin del rekna til intervallet frå 2,8 til 3,2 mrd. kroner. Veksten er rekna frå det pårekna inntektsnivået i år som no er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Den pårekna inntektsveksten er realauke. Priskompensasjon frå 2026 til 2027 vil difor kome som eit tillegg. Kostnadsdeflatoren som blir nytta til priskompensasjon, vil bli fastsett i statsbudsjettet for 2027 til hausten.

Veksten i dei frie inntektene må finansiere auka kostnader som følgje av befolkningsutviklinga, blant anna auken i dei eldre aldersgruppene. Vekst i pårekna demografikostnader for kommunesektoren i 2026 er 2,9 mrd. kroner, som er den delen av kostnadsveksten som må bli dekt av vekst i dei frie inntektene. Kommunane sin del av denne kostnadsveksten er rekna til om lag kr 2,1 mrd.

Det er lagt til grunn at kommunesektoren får eit auka handlingsrom i intervallet frå kr 0,5 til 1,0 mrd. i 2027. Dette er realvekst i frie inntekter, med fråtrekk for auka demografikostnader. Dette auka handlingsrommet kan bli fordelt med 80 prosent på kommunane og 20 prosent på fylkeskommunane.

Mange kommunar har auke i talet på eldre og nedgang i barnetala. Berekningane av meirutgifter som følgje av demografisk utvikling, er netto verknaden av meir- og mindre utgifter i dei ulike aldersgruppene.


Øygarden 2040

Behovsanalysene som er utarbeidd i samband med Øygarden 2040 viser samla sett eit svært omfattande behov for investeringar framover. Kommunedirektørene si vurdering er at dei identifiserte behova ligg vesentleg høgare enn det kommunen realistisk vil ha økonomi og gjennomføringsevne til å realisera. Dette inneber eit tydeleg behov for prioritering på tvers av dei ulike sektorane.

Omstilling som følgje av demografisk utvikling

Utgifter til den demografiske utvikla vil kommunen få dekkja gjennom dei frie inntektene. Øygarden kommune har auke i talet på eldre og nedgang i barnetala. Berekningane av meirutgifter som følgje av demografisk utvikling, er netto verknaden av meir- og mindre utgifter i dei ulike aldersgruppene. Dette betyr at kommunen må flytta ressursar frå skule til pleie og omsorg.

Endring i brutto utgiftsbehov som følgje av befolkningsendringar 2026-2036



Vurdering og konklusjon

Kommunedirektøren ber om at råda kjem med sine innspel til budsjett 2027/ økonomiplan 2027- 2030. For å sikra god samanheng til samfunnsdelen til kommuneplanen er det viktig at innspela følgjer opp hovudmåla og strategiar i samfunnsdelen. Innspela vil bli teke med vidare i prosessen.

Kommunedirektøren ønskjer at råda svarer på desse spørsmåla:

Omstilling som følgje av demografisk utvikling

Spørsmål 1: Korleis kan vi konkret omstilla organisasjonen som følgje av den demografiske utviklinga ?

Omstilling som følgje av auka investeringar

Behova som ligg inne i Øygarden 2040 har følgjande driftskonsekvensar når det gjeld finanskostnader:

Driftskonsekvens	2026	2027-2030	2031-2034	2035-2038	2039-2042	2043-2046
Renter/ avdrag	10	246	530	677	721	749

- Omstilling er 60 MNOK årleg i økonomiplan 2027-2030

For å redusera omstillingsbehovet, kan ein velja å kutta eller utsetta investeringar.

Spørsmål 2: Kva av desse investeringane kan kuttast eller utsettast i åra 2027-2030 ?

- Ny sjukeheim Straume
- Omsorgsbustader for eldre i samarbeid med private (40 plassar)
- MMNF nytt bufellesskap
- Avlastningstilbod barn
- Omsorgsbustader/ sjukeheimsplassar eldre (20 plassar)

- Ny skule på vestsida
- Ny barneskule Litlesotra
- Kultursal i samarbeid med ny VGS på Stovevatnet
- Vedlikehaldsetterslep